



# Innst. S. nr. 67

(2004-2005)

## Innstilling til Stortinget frå samferdselskomiteen

St.prp. nr. 11 (2004-2005)

### Innstilling frå samferdselskomiteen om endring av løyvingar m.m. for 2004 på Samferdselsdeparte- mentets område

Til Stortinget

#### 1. INNLEIING

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Sigrun Eng, Bjørgulv Froyn, Oddbjørg Ausdal Starrfelt og Tor-Arne Strøm, frå Høgre, Anne Berit Andersen, Sverre J. Hoddevik, Hans Gjeisar Kjæstad og leiaren Petter Løvik, frå Framstegspartiet, Thore A. Nistad og Kenneth Svendsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Geir-Ketil Hansen og Heidi Sørensen, frå Kristeleg Folkeparti, Odd Holten og Jan Sahl, og frå Senterpartiet, Jorunn Ringstad, viser til at Samferdselsdepartementet i proposisjonen legg fram ein del saker under programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 21.60 Samferdselsberedskap.

#### 2. PROGRAMKATEGORI 21.10 ADMINISTRASJON M.M.

##### 2.1 Samandrag

###### *Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.*

POST 21 UTGREIINGAR OM MILJØ,  
TRAFIKKTRYGGLEIK MV.

Departementet foreslår i proposisjonen å auke løyvinga på kap. 1301 post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik m.m., med 1 mill. kroner mot tilsva-

rande reduksjon av kap. 1360 post 30 Transport- og sambandsanlegg, utstyr m.m.

Forslaget skuldast ulike oppdrag i samband med prosjektet "Konkurranse om sporet" over post 1. Dette har ført til at det har blitt noko for lite midlar til andre viktige prosjekt.

##### 2.2 Merknader frå komiteen

Komiteen har ingen merknader.

#### 3. PROGRAMKATEGORI 21.30 VEGFORMÅL

##### 3.1 Samandrag

###### *Kap. 1320 Statens vegvesen (jf. kap. 4320)*

POST 23 TRAFIKKTILSYN, DRIFT OG VEDLIKEHALD AV  
RIKSVEGAR

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 1320 post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksveggar, med 75,6 mill. kroner.

I ein dom 6. august 2004 i Salten tingrett blei Ofotens og Vesteraalens Dampskibsselskab ASA (OVDS) dømt for grovt bedrageri mot staten etter straffelova. OVDS skal betale til saman 103,6 mill. kroner til staten i 2004. Departementet foreslår at 75,6 mill. kroner av erstatninga frå OVDS blir ført tilbake til kap. 1320 post 23.

POST 30 RIKSVEGINVESTERINGAR OG POST 35  
VEGUTBYGGING I BJØRVIKA

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320 post 35 Vegutbygging i Bjørvika, med 3,2 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon av kap. 1320 post 30 Riksveginvesteringar, for å sikre nødvendig framdrift i planlegginga for bygging av ny senketunnel i Bjørvika.

**Kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS**

## POST 92 OPPTREKKSRENTER

Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1322 post 92 Opptrekksrenter, med 17 mill. kroner. Rentenivået er no lågare enn då budsjettet for 2004 blei vedteke.

**Kap. 4321 Mesta AS**

## POST 80 UTBYTE

Då det maksimalt kan takast ut 132 mill. kroner i utbyte frå Mesta for rekneskapsåret 2003, blir det foreslått å redusere løyvinga på kap. 4321 post 80 Utbyte, med 28 mill. kroner, frå 160 mill. kroner til 132 mill. kroner, jf. §§ 8-1 og 8-2 i aksjelova.

**3.2 Merknader frå komiteen****Kap. 1320 postane 23 og 30**

Komiteen viser til at Ofotens og Vesteraalens Dampskibsselskab ASA (OVDS) i en dom 6. august 2004 i Salten tingrett ble dømt for grovt bedrageri mot

staten etter straffelova. OVDS skal betale til sammen 103,6 mill. kroner til staten i løpet av 2004.

Komiteen er fornøyd med at det ble avsagt dom i denne saken om grovt bedrageri fra staten. Komiteen vil likevel peke på at denne saken viser at det er nødvendig med en grundig gjennomgang av kontrollsystemet slik at bedrageri ikke vil være mulig i fremtiden.

Komiteen viser til St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 5 (2004-2005) der kap. 1330 post 70 Kjøp av sjøtransporttjenester på strekningen Bergen-Kirkenes blir foreslått økt med 16,7 mill. kroner og kap. 1320 post 30 Riksveginvesteringer redusert med samme beløp. Beløpet foreslås inndekket ved reduksjon i bevilgning til Rv 658 i Møre og Romsdal.

Komiteen viser til Budsjett-innst. S. nr. 13 (2004-2005) der det er enighet om for å tilbakeføre beløpet 16,7 mill. kroner til Møre og Romsdal og at midlene skal benyttes til rassikring slik (oppjusterte kostnader etter fylkets prioriteringsliste):

Rv 60 Stranda-Hellesylt: Til fullfinansiering av rassikring av Nakkefonna .....	2 mill. kroner
Rv 660 Eresfjord-Bugge: Til rassikring av Djupfonna og Langfonna .....	6,7 mill. kroner
Fv 40 Lauvstad-Folkestad: Til rassikring av Vindgjølet .....	8,0 mill. kroner

Komiteen forutsetter at av den foreslåtte økningen under kap. 1320 post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehold av riksvegar m.m. nyttes 16,7 mill. kroner til nevnte tiltak i Møre og Romsdal, og overføres kap. 1320 post 30 Riksveginvesteringer.

Komiteen foreslår følgelig at kap. 1320 post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehold av riksvegar m.m. økes med (netto) 58,9 mill. kroner, fra 5 754 700 000 kroner til 5 813 600 000 kroner.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Senterpartiet, foreslår videre at kap. 1320 post 30 Riksveginvesteringer økes med (netto) 13,5 mill. kroner, fra 4 453 900 000 kroner til 4 557 400 000 kroner.

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet viser til merknader og forslag under post 35 Vegutbygging i Bjørvika.

**Post 35 Vegutbygging i Bjørvika**

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmet fra Senterpartiet, har ingen merknader til forslaget om å

øke bevilgningen på kap. 1320 post 35 Vegutbygging i Bjørvika, med 3,2 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon av kap. 1320 post 30 Riksveginvesteringar, utover at det forutsettes at dette ikke skjer på bekostning av vegprosjekter i andre fylker.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til merknader gitt i Budsjett-innst. S. nr. 13 (2003-2004) og Budsjett-innst. S. nr. 13 (2004-2005) angående veiutbygging i Bjørvika.

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet viser til at Senterpartiet prinsipielt har gått mot å bruke midlar av samferdselsbudsjettet til vegutbygging i Bjørvika då dette i stor grad er eit byutviklingsprosjekt.

Denne medlemen vil difor røyste mot at kap. 1320 post 35 vert auka 3,2 mill. kroner og tilsvarende at kap. 1320 post 30 vert redusert med 3,2 mill. kroner, og fremmer difor følgjande forslag:

1320	Statens vegvesen (jf. kap. 4320)	
30	Riksveginvesteringar, kan overførast, kan nyttast under post 23, post 31, post 33 og post 72, vert auka med .....	16 700 000
	frå kr 4 543 900 000 til kr 4 560 600 000	

**Kap 1322 Svinesundforbindelsen AS post 92**

Komiteen har ingen merknader.

**Kap 4321 Mesta AS post 80 Utbytte**

Komiteen understreker viktigheten av at statlig utbyttepolitikk er forutsigbar.

Komiteen vil presisere at utbytte fra Mesta AS må være av en slik karakter at det ikke svekker selskapets muligheter til både å ivareta omstillinger på en best mulig måte og at selskapet blir gitt gode rammebetingelser.

**4. PROGRAMKATEGORI 21.50  
JERNBANEFORMÅL**

**4.1 Samandrag**

**Tilbakebetaling av løyving i samband med terminering av fiberkabelavtale mellom Jernbaneverket og Telenor**

Det blir i proposisjonen orientert om kva som er gjort med tilbakebetaling av løyving som blei gitt til Jernbaneverket ved terminering av fiberkabelavtala mellom Jernbaneverket og Telenor, i samband med at eigarskapen av BaneTele AS blei overført frå staten v/Jernbane-

verket til staten v/Nærings- og handelsdepartementet frå 20. desember 2002.

**4.2 Merknader frå komiteen**

Komiteen har ingen merknader.

**5. PROGRAMKATEGORI 21.60  
SAMFERDSELSBEREDSKAP**

**5.1 Samandrag**

**Kap. 1360 Samferdselsberedskap**

POST 30 TRANSPORT- OG SAMBANDSANLEGG, UTSTYR MV.

Kjøp av kryptert elektronisk samband er utsett. Samferdsdepartermentet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 1360 post 30 Transport- og sambandsanlegg, utstyr mv., med 1 mill. kroner, frå 1 080 000 kroner til 80 000 kroner, jf. kap. 1301 post 21.

**5.2 Merknader frå komiteen**

Komiteen har ingen merknader.

**6. FORSLAG FRÅ MINDRETAL**

**Forslag frå Senterpartiet:**

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
1320		Statens vegvesen (jf. kap. 4320)	
	30	Riksveginvesteringar, kan overførast, kan nyttast under post 23, post 31, post 33 og post 72, vert auka med .....	16 700 000
		frå kr 4 543 900 000 til kr 4 560 600 000	

**7. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål:	Kroner
Utgifter:			
1301		Forsking og utvikling	
	21	Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., vert auka med .....	1 000 000
		frå kr 15 500 000 til kr 16 500 000	
1320		Statens vegvesen (jf. kap. 4320)	
	23	Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., kan overførast, kan nyttast under post 30 og post 72, vert auka med .....	58 900 000
		frå kr 5 754 700 000 til kr 5 813 600 000	
	30	Riksveginvesteringar, kan overførast, kan nyttast under post 23, post 31, post 33 og post 72, vert auka med .....	13 500 000
		frå kr 4 543 900 000 til kr 4 557 400 000	

Kap.	Post	Formål:	Kroner
	35	Vegutbygging i Bjørvika, <i>kan overførast</i> , vert auka med .....	<u>3 200 000</u>
		frå kr 30 200 000 til kr 33 400 000	
1322		Svinesundsforbindelsen AS	
	92	Opptreksrenter, <i>overslagsløyving</i> , vert redusert med .....	<u>17 000 000</u>
		frå kr 30 000 000 til kr 13 000 000	
1360		Samferdselsberedskap	
	30	Transport- og sambandsanlegg, utstyr mv., <i>kan overførast</i> , vert redusert med .....	<u>1 000 000</u>
		frå kr 1 080 000 til kr 80 000	
Inntekter:			
4321		Mesta AS	
	80	Utbyte, vert redusert med .....	<u>28 000 000</u>
		frå kr 160 000 000 til kr 132 000 000	

Oslo, i samferdselskomiteen, den 2. desember 2004

**Petter Løvik**  
leiar

**Oddbjørg Ausdal Starrfelt**  
ordførar